



Arkivnr: 2017/1228-6

Saksbehandlar: Hege Bugge Gjerdevik Osebakken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		31.10.2017
Utval for opplæring og helse		07.11.2017
Fylkesutvalet		22.11.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

Samandrag

Prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» har som mål at fleire gjennomfører og fullfører læretida. Prosjektet består av prosjektleiing i 150 % ressurs og fem tilsette yrkesfaglege koordinatorar (YFK) på 5 utvalde skular med yrkesfag. Dei fem koordinatorane var på plass frå 1. juni 2017.

Eit systematisk arbeid på prosjektskulane skal sikre ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det skal utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet skal utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til læreplass. System og metodar som vert utvikla, skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden.

YFK er ein ny funksjon på prosjektskulane. YFK vil kome i kontakt med dei fleste tilsette i skulen og deira arbeidsrutinar samstundes som dei jobbar med lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv. YFK vil vere sentral i oppbygginga av dei lokale nettverka for rekruttering av lærebedrifter og sikre gode overgangar til lære for elevar i Hordaland. Det å skape gode relasjonar, føreseielege rammer, og ei fag- og yrkesopplæring som femnar om fleire enn i dag, vil ta tid. Det er ei uttalt målsetting at Hordaland skal ha minimum 50 % av elevane på yrkesfag innan 2030, jmf Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Ei fag- og yrkesutdanning startar på Vg1, og eleven si reise fram til fag- eller sveinebrev tek mellom 4 og 5 år. Det er avgjerande for prosjektet at det ikkje stoggar opp midt i desse åra. Det vert levert godt på fagutdanning i Hordaland. I 2016 vart det inngått om lag 2200 lærekontraktar; talet har aldri vore høgare. Samstundes vart det avlagt om lag 3100 fag- og sveineprøver i 2016, også det høgste talet nokon gong. Likevel ser vi at tal ungdomar som ikkje når fram til læreplass, er relativt stabilt kvart år. Sjølv om fagopplæringa i Hordaland er blant dei beste i landet, kan vi ikkje slå oss til ro med at det årleg er ei gruppe ungdommar som ikkje når målet om læreplass. Vi må alltid strekkje oss lenger, tenkje nye tankar og våge å utfordre etablerte sanningar. Dette har mellom anna vore utgangspunkt for det samarbeidet Hordaland fylkeskommune har hatt med forskingsmiljøet ved BI.

Handelshøyskolen BI ser for seg ein modell der det innhaldsmessige i utdanningane vil kunne spissast tidlegare, og at ein slik modell med meir ansvar ute på skulane vil gje meir robuste skular og eit tettare samarbeid med næringslivet.

Økonomi: Dei fem yrkesfaglege koordinatorane tok til fyrst 1. juni 2017, og dermed vert det eit mindreforbruk i 2017 på 1,4 mill. For å sikre prosjektet ein minimumsperiode med to heile skuleår (17/18 og 18/19) medrekna heile formidlingsperioden i 2019, er det behov for ei løyving på 4,6 mill. for 2019. Dersom prosjektet skal utvidast til 2019, må løyvinga som ligg i budsjettamma til opplæring for 2018 (4,5 mill.), vidareførast med ein auke på 100 000,- i budsjettamma for 2019.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse:

Helsedirektoratet peikar på at utdanning er lokalt folkehelsearbeid. Utdanning påverkar kva for levekår ein får og korleis ein kan møte helsebelastande og helsefremjande faktorar gjennom livet. I tillegg vert dei psykologiske trekk påverka, som igjen gir styrka helse. Helsedirektoratet understrekar ein klar årsakssamanheng mellom utdanning og helse. Kjelde: Helsedirektoratet, «Utdanning og helseulikheter».

Regional planstrategi: Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

5.3 Dimensjonering av yrkesutdanninga,- *Hordaland fylkeskommune er tillagt eit særskilt ansvar for dette i planen, men oppgåva må løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet i fylket, der alle gjer ein jobb for å nå målet. I tillegg må aktørane lokalt ta eit større ansvar, både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalt næringsliv. Gode prognosar og analysar vil her vere påkravd. Hordaland fylkeskommune har fleire verkemiddel på dette feltet; gjennom yrkesfagkoordinatorar ved skulane, samarbeidsavtalar mellom skulane og bedriftene i regionen og støttetiltak til bedriftene for å sikre at flest mogleg lærlingar gjennomfører utdanninga.*

Forslag til innstilling

1. Prosjektperioden vert forlenga ut 2019.
2. Prosjektet skal evaluerast på ny undervegs, og det blir rapportert til fylkestinget oktober 2018
3. Eit eventuelt pilotprosjekt med forskning i samarbeid med Handelshøyskolen BI vil kome til politisk behandling i ny sak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.10.2017

Tidlegare vedtak i saka

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget 14.06.2016 (PS 33/2016) der det blei framsett følgjande bestilling:

1. *Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatarar ved fem skular.*
2. *Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag*
3. *Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018.*
4. *Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til fylkestinget juni 2017.*
5. *Den yrkesfaglege koordinatoren:*
 - *Etablerer samarbeid med attføringsbedrifter i Hordaland.*
 - *Etablerer samarbeid med opplæringskontora*

Saka var igjen oppe i Fylkestinget i juni 2017 (PS 57/2017). Følgjande vedtak vart gjort:

«Fylkestinget tek saka til orientering og ber om at fylkesrådmannen innan oktober 2017 legg fram ei sak der spørsmålet om behov for forlenging av prosjektperioden vert vurdert».

Saka vart i samråd med fylkesrådmannen utsett til fylkestinget i desember for å kunne syne eit meir nøyaktig bilete av situasjon og status i prosjektet.

Saka vert no lagt fram med tanke på utviding av prosjektperioden. Saka vil og ta føre seg situasjon, funn og status. Funn og status så langt, sett i lys av ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland, viser at det vil vere viktig for resultatet av prosjektet å få arbeide med det over tid.

Målsetting for prosjektet

Prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» har mål om at fleire elevar skal få læreplass. Prosjektet skal byggje strukturar for ei heilskapleg yrkesfagleg utdanning som gjer oss mindre avhengig av einskildpersonar. Gode strukturar krev tydelege ansvarsliner, gode verktøy og gode oppfølgings- og rapporteringsrutinar. Strukturar og metodar som vert utvikla og systematisert i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære», skal kunne implementerast i alle skulane som driv med fag- og yrkesopplæring når prosjektet er ferdig. Det skal vere tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med ei heilskapleg 4-årig utdanning for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Prosjektet – godt i gang.

Fylkesdirektør opplæring kom i gang med prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» i slutten av 2016 då prosjektleiinga kom på plass.

- Prosjektplan vart vedteken våren 2017, og dei fem yrkesfaglege koordinatarane (YFK) tok 01.06.2017 til med arbeidet på dei fem prosjektskulane.
- Prosjektgruppa har vore på studietur til Trøndelag for å få erfaringsdeling frå Sør- og Nord-Trøndelag. Trøndelagsfylka har arbeidd med tilsvarande prosjekt i lang tid, og har såleis opparbeidd seg mykje erfaring. Dette gav nyttige innspel til vegen for prosjektet vidare.
- YFK er i gang med arbeidet på skulane og har starta med samtalar med yrkesfaglærarar og andre tilsette ved skulane. Dette for å kartlegge kva arbeid som er gjort med elevane i samband med formidling.
YFK er også i gang med å systematisere skulen sitt lokale nettverk.

- YFK skaffar prosjektet viktig dokumentasjon. Vi har status på skulane i fht formidling til læreplass 1.6 2017:

	Totalt elevar	Totalt søkjarar	Fått læreplass	YFF bedrift læreplass	% læreplass elevar	% læreplassar søkjarar	% læreplass YFF bedrift	Ikkje fått læreplass
Skule								
Årstad	196	131	66	34	33	50	17	65
Slåtthaug	153	118	69	45	45	58	65	49
Sotra	147	80	58	27	39	72,5	47	22
Voss	126	69	46	22	58	73	48	23
Stord	92	74	48	17	52	65	35	26

Det er trass i kort tid med YFK på skulane avdekkja svake punkt i systemet. Til dømes er det lite kjennskap hjå tilsette i skulen om korleis elevane får seg læreplass, og kva eigenskapar som vert kravd i det enkelte yrket. Formidling til læreplass og forståing for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring viser seg å vere variabelt kjent i skulane. YFK presenterer skulen sine formidlingstal for elevar med overgang til læreplass for lærarane, og dette viser seg ofte å vere heilt ny informasjon for lærarane i skulen. YFK skal byggje «bruer» i systemet. Det vert arbeidd med å rette opp og tette svake punkt i systemet. Det vil ta tid å endre, byggje ny kompetanse og få ei felles forståing for ei heilskapleg utdanning.

- Prosjektgruppa er i gang med å etablere eit årshjul for arbeidsoppgåver, system og rutinar for YFK sitt arbeid ved dei fem prosjektskulane. Dette arbeidet vert samkjørt som eit ledd i den felles arbeidsorganiseringa på prosjektskulane.

Prosjektet er i gang med kurset «Støtte i overgang til lære». Tidlegare år har det vore arrangert tilsvarande «læreplasskurs» i regi av fagopplæringskontoret, drifta med midlar frå Utdanningsdirektoratet. Kursa er for søkjarar til læreplass som er kvalifiserte og ønskjer læreplass, men som ikkje er formidla til læreplass pr 15. august. Kursa vert no arrangert på dei fem prosjektskulane og finansiert av prosjektet. Prosjektskulane vert region-/knutepunktskular for kurset. Kurset har som mål at deltakaren skal verte i stand til å skaffe seg læreplass/praksisplass. Det er inngått samarbeid med NAV om støtte til eventuelle praksisplassar. Desse kursa er svært ressurskrevjande. YFK arbeider her med reparasjon av kompetanse, motivasjon og oppbygging av sosial og arbeidsretta kompetanse på individnivå.

Samarbeidet om fag- og yrkesopplæringa er forankra i trepartsamarbeidet, noko som betyr at samhandling, truverde og forplikting vert viktig i prosjektet. Når ein samhandlar med aktørar på utsida av fylkeskommunen, må avtalar og retningslinjer vere viktige premissar. 14. mars 2016 underteikna regjeringa og partane i arbeidslivet ein ny samfunnskontrakt. Målet er å sørgje for at alle kvalifiserte elevar som ønskjer det, skal få tilbod om læreplass. I avtalen vert det peika på at det må etablerast lokale nettverk, og ein må rekruttere fleire lærebedrifter for å skaffe fleire læreplassar.

Prosjektet med dei fem YFK-skulane vil vere sentralt i oppbygginga av dei lokale nettverka i Hordaland. Det skal etablerast lokale nettverk som består av tilsette i fylkeskommunen, som har direkte kontakt med eleven og aktørane som skal ta imot elevane som lærlingar. YFK ved dei fem prosjektskulane har starta med systematisering av skulens lokale nettverk. Skulens nettverk har så langt lege på den enkelte lærar, noko som gjer formidlinga sårbar. Skuleeigar må eige skulens nettverk om ein skal lukkast med ei heilskapleg

fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Synleggjering av skulens nettverk vil og kunne gjere skulane meir attraktive.

Forskningsoppdrag «Gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland»

Dette forprosjektet er no i slutfasen. Forskningsoppdraget er dokumentert i ein delrapport som vart levert fylkesdirektør opplæring 30. september. Rapporten inneheld skisse og omtale av ein ny modell til ein pilot. Handelshøyskolen BI vil i eit eventuelt vidare pilotprosjekt utvikle ein modell for ein ny måte å drive fag- og yrkesopplæring på. Piloten er tenkt testa ut under kontrollerte forhold ved to av dei vidaregåande skulane i Hordaland. Nyskaping og innovasjon skal eventuelt testast ut under kontrollerte forhold.

Fylkesdirektør opplæring vil avgjere prosessen vidare i arbeidet etter forskningsoppdraget frå Handelshøyskolen BI «Gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland». Eit eventuelt pilotprosjekt med forskning vil kome til politisk behandling i ny sak.

Handelshøyskolen BI ser for seg at ein eventuell intervensjon etter forskningsoppdraget «Gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland» vil kunne få organisatoriske konsekvensar. Handelshøyskolen BI ser for seg ein modell der det innhaldsmessige i utdanningane vil kunne spissast tidlegare, og at ein slik modell med eit tettare samarbeid med næringslivet vil kunne hindre mykje av fråfallet mellom Vg2 og Vg3. Bedriftene og bransjane vil få betre høve til å kunne influere på eleven sitt yrkesval gjennom relevant informasjon.

Forventa resultat

Ei fag- og yrkesutdanning startar på Vg1, og eleven si reise fram til fag- eller sveinebrev tek mellom 4 og 5 år. Dei fyrste åra i skulen er heilt avgjerande for den enkelte ungdommen for korleis dei neste to til tre åra blir, der opplæringa då skjer i bedrifter.

Gjennom prosjektet med yrkesfaglege koordinatorar er målet å gjere opplæringa meir føreseieleg for ungdommen som startar på ei fag – og yrkesopplæring. Ungdommar som vel fag- og yrkesutdanning, skal kunne vere trygge på at utdanninga kan fullførast med fag- eller sveinebrev. Det er avgjerande for prosjektet at det ikkje stoggar opp midt i desse åra. Vi må kunne sitje i tiltaket over tid for å kunne meine noko om resultatet.

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse evaluerer prosjektet kvalitativt og kvantitativt. Prosjektleiinga rapporterer kontinuerleg til styringsgruppeleiar.

Økonomi

Fylkestinget har vedteke at fylkesrådmannen i åra 2017 og 2018 kan bruke 4,5 mill til å styrkje arbeidet rundt samarbeid skule/arbeidsliv for å kunne utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom.

Dei fem yrkesfaglege koordinatorane tok til fyrst 01.06.2017, og dermed vert det eit mindreforbruk i 2017 på 1,4 mill. Budsjet for eit heilt år med 5 koordinatorar i 100 % stilling vil vere 4,6 mill. der hovuddelen er lønsmidlar. Då er stillinga på Voss auka til 100 %, slik at Voss vidaregåande skule har ein yrkesfagleg koordinator i 100 % stilling på lik line med dei andre skulane i prosjektet. Yrkesfaga står sentralt på Voss, fordelt på to skular, og stillingstorleiken er knytt til satsinga i indre Hordaland.

Elevar som startar Vg1 hausten 2017, vil møte overgangen frå Vg2 til Vg3 fyrst hausten 2019:

	2016		2017		2018		2019		2020		2021		2022
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår
Prosjektperiode													
Mulig forlenging av prosjektperiode													
4-årig løp fra vg1													
4-årig løp fra Vg2													
YFK - periode													

Skuleåret strekkjer seg frå august til juni, og det vert arbeidd administrativt med formidling heile året. Hovudtyngda av formidling til læreplass er gjennomført innan utgangen av oktober, to år etter at eleven starta på Vg1. Ein del av oppdraget i prosjektet er at ein skal ivareta dei elevane som søker læreplass, men som ikkje er formidla til lære pr 1. september. Desse elevane skal handterast av avgjevarskulen. I fyrste omgang byrjar skuleeigar med dei fem prosjektskulane. Dette er tidlegast mogleg i 2018, og ein vil også trenge minimum 2019 for å sikre eit godt og forsvarleg system kring dette.

Endring og etablering av nye varige strukturar tek tid. Prosjektgruppa ber derfor om at det vert opna for å arbeide med prosjektet ut 2019 og med høve til å vurdere lengre perspektiv. Styringsgruppa i prosjektet har stort innslag av partane i arbeidslivet og aktørar som er medeigarar i opplæringsordninga. Prosjektet har henta erfaring frå andre fylkeskommunar. Sør-Trøndelag fylkeskommune har etablert yrkesfaglege koordinatarar på alle sine yrkesfagskular og rapporterer at dei fyrst såg resultat etter 4 år.

Dersom prosjektet ikkje får midlar utover 2018, vil dette bety at prosjektet ikkje vil få halde på i meir enn 1 ½ skuleår. Med utgangspunkt i erfaringar frå Sør-Trøndelag om at det tek tid å få på plass samarbeid mellom skule og arbeidsliv, er ikkje dette ønskeleg. Yrkesopplæringsnemnda peika også på at det ville ta meir enn to år for å kunne måle effekt av prosjektet.

For å sikre prosjektet ein minimumsperiode med to heile skuleår, medrekna heile formidlingsperioden i 2019, er det behov for ei løyving på 4,6 mill for 2019.

Heilskapleg tilnærming til auka gjennomføring i fag - og yrkesopplæringsa.

Prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» heng gjennomgåande saman med skuleeigar sine overordna mål og planar.

1) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

5.3 Dimensjonering av yrkesutdanninga,- *Hordaland fylkeskommune er tillagt eit særskilt ansvar for dette i planen, men oppgåva må løysast gjennom det etablerte trepartssamarbeidet i fylket, der alle gjer ein jobb for å nå målet. I tillegg må aktørane lokalt ta eit større ansvar, både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalt næringsliv. Gode prognosar og analysar vil her vere påkravd.*

Hordaland fylkeskommune har fleire verkemiddel på dette feltet; gjennom yrkesfagkoordinatorar ved skulane, samarbeidsavtalar mellom skulane og bedriftene i regionen og støttetiltak til bedriftene for å sikre at flest mogleg lærlingar gjennomfører utdanninga.

2) Arbeidet med regional samfunnskontrakt 2017 - 2020

14. mars 2016 underteikna regjeringa og partane i arbeidslivet ein ny samfunnskontrakt.

*Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er ei nasjonal og regional målsetjing. Fylkeskommunen har ansvar for å gje eit tilbod til kvalifiserte søkjarar til læreplass. Dette er viktig både for den einskilde elev og samfunnet si trong for arbeidskraft. Gjennom ein regional samfunnskontrakt ønskjer vi å auke graden av gjensidig forplikting mellom partane. Det skal etablerast lokale nettverk som består av tilsette i fylkeskommunen, som har direkte kontakt med eleven, og aktørane som skal ta imot elevane som lærlingar. **Dei lokale nettverka skal arbeide for å skape lokale avtaler med mål om gjensidig forplikting mellom skulen og arbeidslivet. Det er naturleg at dei vidaregåande skulane har ei sentral rolle i nettverka. Dei har ansvaret for elevane før dei søker læreplass og får hovudrolla i å sikre overgangen frå skule til læreplass.***

Målsetjing - Alle kvalifiserte søkjarar skal få tilbod om læreplass

YFK ved prosjektskulane vert sentrale i arbeidet med å systematisere og koordinere arbeidet med skulen sitt samla nettverk.

3) Mål og strategiar for Opplæringsavdelinga.

Overordna mål 1. Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov

1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» vil gjennom arbeidet med samfunnskontrakt og dei lokale nettverka knytte eit tettare, meir føreseieleg og vonleg forpliktande samarbeid mellom dei ulike aktørane i trepartsamarbeidet.

Overordna mål 3. Opplæring skal bidra/medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitets vurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå.

Strukturar og metodar som vert utvikla og systematisert i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» skal kunne implementerast i alle skulane som driv med fag- og yrkesopplæring når prosjektet er ferdig. Det skal vere tydeleg korleis Hordaland fylkeskommune arbeider med ei heilskapleg 4-årig utdanning for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Endringsprosessar er krevjande og krev merksemd

Prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» vil kunne måle eit visst resultat på dei prosjektskulane som er med, i løpet av to år. Dette kan t.d. dreie seg om formidling ut på skulane, dvs. at fleire oppgåver som i dag ligg på seksjon fagopplæring vert desentralisert. Det tek tid å få etablert og endra eit system; å få til varige systematiske endringar er krevjande. Når prosjektgruppa med yrkesfagkoordinatorane over tid har fått til endring og nye varige strukturar, vil ein kunne sjå ein større effekt med tanke på formidling og fleire ut i lære. Ei felles forståing for ei heilskapleg opplæring med ansvar for formidling ute på skulane vil kunne gje meir robuste skular.

I evalueringa hausten 2018 vil relevante funn og bidrag frå prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» bli presentert. Det vil også bli gjort greie for ein eventuell intervensjon etter forskingsoppdraget «Gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland».